



Arkivnr: 2016/2419-41

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik og Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Tilskot til Større kulturprosjekt med regional verdi

Samandrag

Det er sett av 1 million kroner ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* i 2016 som skal fordelast på to søknadsfristar i løpet av året. Tilskot, i hovudsak i storleik 50 000 til 200 000 kroner, kan løyvast til tiltak med tydeleg regional verdi.

Det låg 43 søknader føre ved søknadsfristen 1. april. Det har måtte prioriterast hardt, og det er innstilt på løyvingar på til saman 618 000 kroner.

Søknadane dekker breitt innan heile kultur og idrettsfeltet. Det er i handsaminga søkt å få ei spreing i geografi, fagfelt og sjangrar, med ei kvalitetsvurdering i botn.

Forslag til vedtak

Det vert løyvd 618 000 kroner fordelt på følgjande summar til følgjande søkjarar:

Søkjar	Tilråding
BERGEN AFRO ARTS FESTIVAL	avslag
BERGEN AKADEMISK BRIDGEKLUBB	avslag
BERGEN DØVESENTER	avslag
BERGEN KOMMUNE	150000
BLASTPHEMY PRODUCTION AS	avslag
BYGDAGNIST AS	avslag
Comino Forlag AS	30000
DATAROCK	avslag
FIMfilm	avslag
FJELL KOMMUNE	avslag
Frøydis Flotve	avslag
GOOD VIBES ENTERTAINMENT NORWAY DA	avslag
HARDANGERRÅDET IKS	avslag
HARDING PULS	50000
KNARVIKMILA AKS	avslag

KODE - Kunstmuseene i Bergen	125000
Lillian Santos Herberg	30000
Norges Musikkorps Forbund Hordaland	avslag
NORSK ANTROPOLOGISK FILM FORENING	avslag
Norges Miljøvernforbund	avslag
NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	50000
Nyborg volleyballklubb og Sotra volleyballklubb	33000
NYE EVANS JAZZ CLUB	avslag
ODDA KOMMUNE	avslag
ODDA KOMMUNE	40000
OPERA BERGEN	65000
OPERA BERGEN	avslag
OPERA OMNIA	avslag
OS KOMMUNE	avslag
Peak Studiofelleskap	avslag
PER OLAV KØBBERSTAD	avslag
PÅDRIVERNE AS	25000
Rasmus Andreas Hungnes	avslag
Ryfylkemuseet	40000
SPINAE COMPANY AS	avslag
STIFTELSEN BERGEN MUSIC FEST	avslag
Stiftelsen Bryggen	avslag
STIFTELSEN D/S Stord	
STIFTELSEN TYSNESFEST	avslag
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	avslag
Styret for Tora Mostrastong	avslag
TIJOMO AS	avslag
VOSS KROPPSFYKARLAG	30000

668 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.05.2016

I 2016 er det sett av 1 000 000 kr til ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi*, jf budsjettposten *Stønad etter vedtak*. Tilskot, i hovudsak i storleik 50 000 – 200 000 kroner, kan løyvast til tiltak med tydeleg regional verdi. Denne løyvinga skal fordelast over to søknadsfrister i løpet av året og er retta mot heile kultur- og idrettsfeltet i fylket.

Ved første søknadsfrist 1. april var det kome inn 43 søknader med ein samla søknadssum på 4 000 000 kroner. Søknadssummane er relativt høge. Dei ulike søknadene er i ulik grad relevante for ordninga og oppfyller i ulik grad kravet om regional verdi. I fylkesrådmannen si innstillin er det lagt til grunn ei streng prioritering og få søkjarar får innvilga den totale søknadssummen.

Det er her innstilt på løyvingar på til saman 668 000 kroner.

2016 er første året for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette er ein overgangsfase med nye søknadsordningar og legg inn nokre opne søknader til handsaming (ikkje digitalt søknadsskjema). Ein har også sett seg nøydd til å løyve noko lågare summar enn det var tenkt for ordninga i utgangspunktet.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse/jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak slik at aktørane ser støtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Bakgrunn

Eit av tiltaka i Regional kulturplan PREMISS : KULTUR var at ein skulle gå gjennom eksisterande støtteordningar og revidere dei for å oppfylle måla i kulturplanen og gjere dei betre tilpassa behova som er i kunst- og kulturlivet.

Større kulturprosjekt med regional verdi ligg under budsjettposten *Stønad etter vedtak*, og føringar og retningslinjer for denne ordninga – saman med dei andre to ordningane under denne budsjettposten (*Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell og Kulturtiltak amatør*), vart vedteke av KIRU i sak 19 / 16 i møte 19.01.2016. Hordland fylkeskommune skal bygge opp under både amatørkultur og den profesjonelle delen av kunst- og kulturlivet. Mens dei to andre ordningane, Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell og Kulturtiltak amatør, skil mellom desse to felta, skal *Større kulturprosjekt med regional verdi* femne begge felta i tillegg til idrett og friluftsliv. Der er fleire fellespunkt og føringar i desse tre ordningane, og dei vert alle lagt fram til handsaming i dette same politiske møte.

Jf fylkeskommunen sitt regionale utviklingsansvar skal prosjekta som får løyvingar innan alle dei tre omtalte ordningane gå til tiltak som har regional verdi og/eller nedslagsfelt. Ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* har ikkje så mange klare retningslinjer då den er sett opp som ei vidareføring / erstattar for Kultur- og ressursutvalet sin tidlegare rådveldekonto. Men med høgare søknadssummar og si breie innretning set ein endå større krav til at det skal vere tydeleg regional verdi og meir markante prosjekt som i høg grad oppfyller måla i regional kulturplan PREMISS : KULTUR, enn i dei to andre ordningane under *Stønad etter vedtak*-posten.

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal stø opp om vedteken visjon for kulturutviklinga i Hordaland, jf Regional kulturplan 2015–2025: Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.

Visjonen gjev uttrykk for ambisjonen om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdier. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå.

Følgjande kulturpolitiske mål ligg til grunn:

- Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk.
- Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
- Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.

- Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv.
- Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.
- Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.
- Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket.
- Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

Omgrepet regional verdi og andre kriterium for vurdering av søknader

I tråd med kulturlova skal kommunane gjennom organisatorisk og økonomisk tilrettelegging sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Kommunane har førstelineansvar i kultur- og idrettspolitikken, noko som inneber å sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til spesialiserte kulturtilbod innan ein viss reiseavstand. Omsynet til fylkeskommunen si regionale utviklarrolle skal liggje til grunn for tilskotsforvaltninga. Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

1. Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde):

Om den aktuelle verksemda eller tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune.

2. Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet, særpreg):

Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitetar og føremoner.

I vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det einkilde høve, kan det vere naturleg å sjå geografi- og funksjonskriteria i samanheng.

Det vert vidare lagt vekt på følgjande omsyn (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger.

I høve profesjonelle aktørar og miljø vil det ofte vere naturleg å stille høgare krav til fagleg tyngd og fagleg kvalitet, medan det for amatørar vil bli lagt meir vekt på i kva grad tildelinga skapar aktivitet, kor mange som tek del, i kva grad tiltaka skapar lokalt/regionalt engasjement og om tiltaket bidreg til eit levande kulturliv for allmenta i regionen.

Festivalar

Nokre større festivalar får årleg støtte frå Hordland fylkeskommune sitt kulturbudsjett. I tillegg har fleire festivalar søkt prosjektstøtte frå tidlegare ordningar som t.d. Ålmenne kulturføremål. Som eit tiltak i regional kulturplan skal det utarbeidast retningslinjer for fylkeskommunal stønad til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement. Desse er førebels ikkje ferdigstilte, men fylkesrådmannen legg her fram forslag til omsyn og vurderingskriteria som - i tillegg til skal ligge til grunn for prioriteringar for festivalstøtte:

- festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og vilje til utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- formidlingsevne og publikumsopplutning
- festivalane som tradisjonsberarar
- soliditet, effektivitet og profesjonalitet i festivalorganisasjonen

- festivalens si tyding/forankring i eigen kommune og region
- tilskot til festivalen frå kommune og stat

Felles retningsliner for ordningane «Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell», «Kulturtiltak - amatør», og «Større kulturprosjekt med regional verdi»

- Ordningane skal ha søknadsfrist to gonger i året.
- Det skal nyttast nettbasert søknadsskjema.
- Søknad om støtte til eit og same tiltak blir vanlegvis berre handsama ein gong i løpet av eit budsjettår.
- Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søkje tilskot frå desse ordningane om det gjeld til særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving.
- Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og søknaden vert såleis avslått dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.
- Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt, og det vert venta at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.

Generelt om søknadane som vert handsama

Det er mange søkjarar og dette viser eit stort aktivitetsnivå og stort behov for midlar. Det er ulikt kor relevante søknadane er for ordninga og kor klårt dei oppfyller kravet om regional verdi. I denne ordninga setter ein høgare krav på fleire felt enn ein gjer i t.d. *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell og Kulturtiltak amatør* då ein løyver høgare summar til den enkelte. Det har vore gjort ei streng prioritering og få søkjarar får innvilga den totale søknadssummen.

Søknadssummane er relativt høge, og det er mange ambisiøse prosjekt det vert søkt støtte til. Dei fleste av desse har ikkje enno sikra annan finansiering av tiltaket. Dei som er vald ut til å få støtte har i hovudsak sikra størstedelen av finansieringa med andre innvilga søknader. I følgje retningslinene ligg dette til grunn når det gjeld økonomien i prosjekta som søker: «Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og søknaden vert såleis avslått dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt, og det vert venta at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.»

Då samla søkjarbeløp er mykje større enn den summen ein har til rådighet i denne ordninga vert det heller ikkje grunnleggjande for kvar enkelt som får delvis innvilga søknadssummen kvifor søknadssummen ikkje vert totalt innfridd.

Kunstproduksjon

Det ligg her føre nokre søkjarar som søker om støtte til kunstproduksjon. Dei fleste av desse har høge søknadssummar, og dei har søkt fleire søknadskjelder slik som t.d. Norsk kulturråd og andre nasjonale søknadsordningar som er basert på meir reint kunstnarleg vurdering av innhaldet. Få av desse søknadane har fått svar frå dei andre søknadsinstansane. Det er vanskeleg å vurdere den regionale kulturverdien og det kunstnarlege innhaldet på førehand, og i ei så breitt innretta ordning som Større kulturprosjekt med regional verdi er det vanskeleg å vurdere desse opp i mot dei andre søknadane innan svært ulike felt. Ein har difor valt å ikkje tilrå støtte til desse kunstproduksjonane.

I ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* har ein teke høgde for betre å vurdere søknader om kunstproduksjon ved å trekke inn kunstnarleg kompetanse i saksførebuinga.

Søknader frå institusjonar og organisasjonar som får driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett

Det ligg her føre nokre søknader frå institusjonar og organisasjonar som får årleg driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett. I følgje retningslinene kan ikkje organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK få tilskot frå ordninga om det ikkje gjeld særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving.

Dette er i fleire tilfelle ein vurderingssak, men det er viktig at ein er ryddig i forhold til at ikkje prosjektmidlar vert brukt på tiltak som bør falle inn under ordinær drift og samfunnsoppdraget som ligg til grunn for driftsstøtta til institusjonane / organisasjonane. Dei som har fått tilsegn er prosjekt som skil seg klart ut frå dagleg drift ved å vere spesielle prosjekt mht til samarbeid og utprøving.

Følgjande 43 søknader kom inn innan fristen og vert handsama i denne saka:

1.BERGEN AFRO ARTS FESTIVAL: Bømlo Dans Lab

Tidspunkt: 01-08-2016 - 31-08-2021

Geografisk nedslagsfelt: Sunnhordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 200 000

Totale utgifter: 976 000 pr år i 5 år

Sjanger: Anna- Performing Arts & Culture - residency

Om prosjektet – i følgje søkar:

BØMLO DANSLAB is a newly unique Bergen Afro Arts Festival-led arts and culture residency program/retreat which aims to promote culture exchange mostly promote the production of dance as a form of art bringing cultural and artistic awareness to the community through dance concerts, classes, workshops and discussions related to dance. Through Bømlo DansLab we hope to start the process of opening pathways into the dance arts for Bømlo,Hordaland community residency that may not otherwise have that opportunity.

Bømlo DansLab was established by dance artist; Simbarashe Norman Fulukia aka Simba. The Pilot project was a great success, were Simbarashe, who conceptualize and shepherd the residency, held workshops and worked with local and guest.

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette er eit stort prosjekt som går over 5 år. Det er søkt støtte frå Kulturrådet som dei ikkje enno har fått svar på. Den omsøkte støtta frå HFK er for 1 år. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å gå inn på å støtte dette prosjektet gjennom denne ordninga no. Det er avgjerande at Kulturrådet går inn og at det er god forankring i region og kommunane dette gjeld.

2.BERGEN AKADEMISK BRIDGEKLUBB: NM lag finale , med trykking av 50 års jubileumsskrift for klubben

Tidspunkt: finale 01.06 - 03.06. 2017

Geografisk nedslagsfelt: Heile landet

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 50 000

Totale utgifter: 102 000

Sjanger: Idrett / anna

Om prosjektet – i følgje søkar:

Bergen Akademiske Bridgeklubb har blitt tildelt arrangøransvaret for NM finale i lag bridge 2017 av Norsk Bridgeforbund. Klubben feirar også 50 års jubileum i 2017. Klubben ønskjer å arrangere NM lag finalen dels for å markere jubileet og dels for å auke interessa og rekrutteringa til bridgen i Bergen og omegn. BAK er ein aktiv klubb med 99 medlemmer, 16 av disse juniormedlemer (13-25 år). Vi har jevnlege tilbod om nybyrjarkurs. Dei fleste kursa er for alle, men vi skreddarsyr også eigne kurs for ulike organisasjonar / bedrifter, for barn m.m. Kursverksemda er ikkje profittbasert. Klubben arrangerer jevnlig samlingar med fokus på barn og unge. Mange av disse turane har gått til Ulvik over ei helg. BAK dekkar kostnadane til slike arrangement.

Økonomi:

Inntekt:

HFK - 50 000

Vangdal Regnskap , sponning 10 000
 Støtte / sponning andre 45 000
 Totale inntekter 105 000

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving:

HFk er sett opp som største finansieringskjelde til dette arrangementet. Fylkesrådmannen finn ikkje rom til å støtte eit meisterskap innan dette feltet.

3. BERGEN DØVESENTER: Bergen Internasjonale Tegnspråkfestival 2017

Tidspunkt: 01-08-2016 - 31-08-2017

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, Heile landet, Bergen

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 100 000

Totale utgifter: 105 000*

Form: festival

Om prosjektet – i følgje søkar:

Norges Døveforbund startet i 1967 det som het «Unge Døves Kulturdager». Det ble straks en stor suksess, der unge døve fikk vist seg fram med teater, foredrag, dans, verksteder, utstillinger og konkurranser. Ja, suksessen ble så stor at de voksne etter hvert overtok arrangementet med navnet «Døves Kulturdager». Hvert år har kulturdagene gått på rundgang i de største norske byene og samlet mellom 400 til 1.200 deltakere.

I 2017 feirer altså Døves Kulturdager 50 år. Men mye har skjedd siden 1967. Publikums krav til kvalitet har økt. Verden er blitt mindre. Døve har gjennom språket, mer enn noen, bygget opp nettverk internasjonalt både ved at det reises mer enn før og ved hyppig kontakt gjennom tegnspråklige telefonsamtaler (skype).

Bergen Internasjonale Tegnspråkfestival 2017 vil være en videreføring av Døves Kulturdager. Det skal være en manifestasjon av tegnspråkernes styrke og feiring av at døve har en rik kultur som kan oppleves av alle og ikke være noe man skjemmes over. Festivalen skal samle døve kunstnere og publikum fra hele verden og være en møteplass der også ikke-kyndige i tegnspråk kan komme og hente inspirasjon og kunnskap. (...) Festivalen skjer helgen 25. – 27. august 2017 med arrangementer på kulturinstitusjoner i Bergen, blant annet har vi leiet Den Nationale Scene hele helgen.

Gjennom prosjekttilskudd fra ExtraStiftelsen har Bergen Døvesenter fått midler til å engasjere en person som koordinator for arbeidet. I tillegg har vi en sterk arrangementskomite av tillitsvalgte, samtidig som målet er å bygge opp en stor nok gruppe av frivillige som kan sikre at festivalen blir en suksess. Leie av teaterscener, utstillingslokaler, arenaer for sosiale møteplasser, promotering av festivalen i inn- og utland og kontrakter med profesjonelle kunstnere koster. Mye vil bli dekket inn av deltakeravgiften, men vi er også avhengige av private- og offentlige tilskudd.

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette er ein festival for ei særskild gruppe, som har nasjonalt nedslagsfelt og også ein viss kulturverdi for det generelle publikum i fylket. Men det kunstnarlege innhaldet og den økonomiske planen er ikkje tilfredstillande utgreidd til at ein kan tilrå å gje løyving til festivalen. Det er m.a. ikkje utfylt / lagt ved tilfredstillande budsjett, og total utgiftssum er oppgitt til å vere den same som søknadssum. Fylkesrådmannen kan evt. kome tilbake til saken ved ein evt seinare søknad der prosjektet er meir gjennomarbeidd.

4.BERGEN KOMMUNE: Deltakelse med egen utstillingspaviljong på arkitekturfestivalen Pop-up World Cities Expo Edinburgh

Tidspunkt: 17-06-2016 - 17-07-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, Bergen

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:

Totale utgifter: 600 000

Om prosjektet i følge søkjar:

Bergen kommune er påmeldt med eigen utstillingspaviljong på arkitekturfestivalen Pop-up World Cities Expo Edinburgh sommeren 2016 med atterhald om finansiering. Bakgrunnen for arrangementet er at den skotske regjeringa har peika ut 2016 som Skottland sitt år for innovasjon, arkitektur og design. Dei markerer samstundes 100 års jubileet for den skotske arkitektforbundet. Bergen kommune ønskjer i samarbeid med, Kunsthøgskulen i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Husbanken å ha ei tydeleg markering der Bergen og Vestlandet sine visjonar og innovative arbeid innan klimavennleg byutvikling arkitektur, kunst og ny bruk av tre står i fremste rekkje. Det vert utarbeidd eige formidlingsopplegg som skal vise bruken av tre som ressurs i kunst, arkitektur og byutvikling .

Samarbeidet byggjer mellom anna på at Hordaland fylkeskommune har hatt eit langvarig og godt samarbeid med Edinburgh som Bergen kommune ønskjer å vere med å vidareutvikle. Arrangøren har sett ei øvre kostnadsramme på 30 000 engelske pund for kvar deltakar + kostnader med produksjon, reise mv.

ØKONOMI

Inntekter:

HFK 200 000

Husbanken / HiB ev andre 200 000

Bergen kommune 200 000

Eigne kommentarar til budsjettet: Etableringa av paviljongen byggjer på erfaringar frå dei årlege trefestivalane i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen er ansvarleg for design og bygging av paviljongen med medverknad frå studentar og lærarar. Bidraget vil stå saman med paviljongar frå andre byar frå heile verda.

Fylkesrådmannen si innstilling: 150 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette er ei utstilling som vil vise Bergen sine visjonar knytt til mellom anna klima og bruk av tre på ein internasjonal arena. Hordaland fylkeskommune har eit etablert samarbeid med Skottland innan kulturfeltet. Utstilling vil vere eit viktig bidrag for å utvikle dette samarbeidet.

Tiltaket kan sjåast som ei tydeleg oppfølging av vedtak i fylkesutvalet i sak PS 145/2016: «*Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar...*» Slik fylkesrådmannen ser det inneber tiltaket ei koordinert styrking av ein etablert samarbeidsrelasjon. Å utvikle eit nytt og sterkt tilhøve mellom dei to byane Edinburgh og Bergen vil tene Hordaland sine regionale interesser.

5.BLASTPHEMY PRODUCTION AS: Edge Nordic: Norway

Tidspunkt: 09-09-2016 - 10-09-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 100 000

Totale utgifter: 835 000

Sjanger / form: konsert - framsyning

Om prosjektet – i følge søkar:

EDGE Nordic, er et nytt initiativ og konsept av Blastphemy Production eier og Blastfest sjef Yngve Christiansen. Som første av flere Nordiske versjoner av festivalen, er "EDGE Nordic : Norway" i Bergen, en festival som retter fokus mot yngre metal-heads. Med fri aldersgrense (+ lukket 18års avdeling med servering) ønsker man å gi et tilbud til dem som ellers ikke får mye oppmerksomhet av sjangerens tilhørere.

7 internasjonale band er foreløpig annonsert og det vil bli gjort en egen scene for lokale band som vil få sjansen til å vise seg frem.

Økonomi:

Inntekter:

Billettinntekter 500 000

Salg av merch 30 000

Kulturrådet 50 000

Bergen kommune 60 000

Støtte andre 200 000

Totale inntekter 840 000

Eigne kommentarar til budsjettet: Foreløpig ingen andre godkjente søknader

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette prosjektet har også søkt under søknadsordninga *Kulturtiltak amatør*. Fylkesrådmannen ser ikkje at prosjektet er tilstrekkeleg unikt og av høg nok generell regional kulturverdi til å verte prioritert i *Større kulturprosjekt med regional verdi*, men er tilrådd noko støtte gjennom *Kulturtiltak amatør*

6.BYGDAGNIST AS: HardingTøkt 2017

Tidspunkt: 31-05-2017 - 04-06-2017

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, Hardanger og Voss, Bergen

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 150 000

Totale utgifter: 1 425 000

Om prosjektet – i følgje søkar:

Ferda: Ei musikalsk og historisk reise frå Hardanger til Bergen, ei bru mellom hardingane og byfolket og ein musikalsk link mellom Hardanger musikkfest til Festspela i Bergen. Tematikken er innovasjon gjennom musikk og historie.

Bakgrunn: M/F Hardingen har sigla si siste rute og har mønstra av rutetabellane i Hardanger. Statens Vegvesen v/Nasjonale turistveggar etterlyser meir satsing på ferja i reiselivssatsinga i Hardanger. Ei kraftfull prosjektgruppe ynskjer å manifestera ferja som ikonisk farty på fjorden gjennom ei tøkt på fleire dagar med aktivitetar og arrangement for fleire målgrupper. Til sist skal toktet enda i Vågen i Bergen med eit storslege tingingsverk med ferja som instrument som skal udøyeleggjera ferja.

ØKONOMI

Utgifter:

Komposisjonshonorar 250 000

Framføringshonorar 325 000

Teknisk produksjon 250 000

Hotell og reise 25 000

Marknadsføring 50 000

Produsentkostnad 100 000

Prosjektadm 150 000

Ferjekostnad inkl mannskap / tryggleik 175 000

Dokumentasjon 100 000

Totale utgifter 1 425 000

Inntekter:

DNKF (Bestillingsverk) 250 000
 Kulturråd (Bestillingsverk) 325 000
 FFUK 100 000
 FFLB 100 000
 HFK 150 000
 Bergen commune 100 000
 Billettinntekter 50 000
 Standleige 50 000
 Hjartebank for Hardanger 200 000
 Sponsormidlar 100 000
 Totale inntekter 1 425 000

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Det er interessant med kombinasjonen ferje med konsertar, tingsingsverk, bruk av skulesekken o.l. med tilbod som har variasjon og kvalitet. Fylkesrådmannen ser at tiltaket kan ha regional verdi, men at det er noko lite utarbeidd til å tilrå støtte. Der er mange andre løyvingar som skal på plass for å setje prosjektet ut i livet, og fleire av desse må vurderast på reint kunstnarleg grunnlag. Ein viser også til kommentar tidlegare i sakframlegget. Fylkesrådmannen vil difor ikkje tilrå å støtte prosjektet på det noverade tidspunkt.

7. Comino Forlag AS: Korpsbok for Nordhordland

Tidspunkt: 01-10-2015 - 01-05-2017

Geografisk nedslagsfelt: Nordhordland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 50 000

Totale utgifter: 1 175 000

Sjanger/ Form: produksjon – utvikling

Om prosjektet – i følgje søkar:

Korpsbevegelsen i Nordhordland står i en særstilling - til og med i verdensmålestokk. Fremveksten av korps i regionen er uten sidestykke, og utviklingen de siste drøye førti årene fortjener et særskilt fokus. De aller fleste i regionen har en eller annen tilknytning til korps: personlige, vennskapelige, familiære eller nærmiljørelasjoner, og man kan derfor med rette si at korps er en naturlig del av hverdagen til de aller fleste.

Spyspissene Eikanger/Bjørsvik Musikklag og Mange Musikklag har trofeer i en årrekke. De har også i stor grad markert seg internasjonalt. Dette har naturlig nok også hatt en sterk innvirkning på rekrutteringen i regionen, og har resultert i et svært sterkt skolekorpsmiljø.

ØKONOMI**Utgifter:**

Arbeidstimer 975 000
 Trykking 100 000
 Sats /design / layout 100 000
 Totale utgifter: 1 175 000

Inntekter:

Kommunale tilskudd 350 000
 HFK 50 000
 Norsk Kulturråd 50 000
 Stiftelsen Fritt Ord 50 000
 Andre tilskudd (fond / legater) 100 000
 Tilskudd Norges Musikkorpsforbund / støttespillere 50 000

Sponsorinntekter , lokale bedrifter 225 000
 Ubetalt egeninnsats fra forlaget 300 000
 Totale inntekter 1 175 000

Fylkesrådmannen si innstilling: 30 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Denne boka vert viktig dokumentasjon av eit særst sterkt korpsmiljø i Nordhordland, og har difor interesse både for folk i Nordhordlandsregionen og korpsinteresserte elles. Det er også gitt støtte frå fleire av kommunane i Nordhordland.

8. DATAROCK: The Black Album

Tidspunkt: 01-04-2016 - 30-09-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:

Totale utgifter: 400 000

Sjanger: Anna. Me "anna" menes Musikk og plateutgivelse - starten på en prosjektperiode hvor svært mange locale kulturaktører inngår.

Om prosjektet – i følge søkar:

Datarock er igang med det nye studioalbumet "The Black Album". Platen skal utvikles og spilles inn i Bergen, og et stort apparat vil bidra lokalt med låtskriving og arrangement (Fredrik Saroea, Ketil Mosnes, Kjetil Møster, mfl), teknikk og produksjon (Yngve Sætre, Jørgen Træen, Kato Ådland, mfl), studioinnspilling (Duper, 5071), foto (Bjørn Myreze), artwork (ANTI), merchandise (eMerchandise), PR (On It), promo (Neolab), utgivelse (YAP Records / DistRobot) og booking (Standing Ovation/Made). Det er kanskje å strekke det langt å påstå at dette er et kulturprosjekt med stor regional verdi, men i forbindelse med tidligere utgivelser har bandet endt opp med å bidra på bortimot samtlige regionale musikkfestivaler og større kulturarrangement.

ØKONOMI

Utgifter:

Komposisjon / honorar musikere 75 000

Leie av loka ler (låtskriving og demoutvikl) 20 000

Leie av studio (teknisk utstyr / tjenester) 100 000

Honorar lydmiiks 20 000

Mastring 30 000

Artwork 25 000

Reise, kost og losji 30 000

PR / markedsføring 100 000

Totale utgifter 400 000

Inntekter:

Fond for lyd og bilde – omsøkt 80 000

Tekstforfatterfondet - omsøkt 40 000

HFK (Kunstprosjekt og kulturtiltak) - omsøkt 50 000

HFK (Større Kulturprosjekt med regional verdi) – omsøkt 50 000

Bergen kommune – omsøkt 30 000

Sparebanken Vest (Almennyttige Midler) - omsøkt 50 000

Komponistenes Vederlagsfond - bevilget 35 000

YAPRecords (forskudd) - bevilget 50 000

Egenfinansiering 15 000

Totale inntekter 400 000

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Datarock er eit suksessfullt band som bruker sin posisjon til å styrke det lokale / regionale kulturlivet meir generelt. Det vert lagt vekt på dette i søknaden, men budsjettet som

ligg til grunn for søknaden inneheld berre postar direkte knytt til plateinnspeling / -utgjeving noko som det ikkje er opna for i denne ordninga.

9. FIMfilm: Fuglane i mytologien

Tidspunkt: 01-01-2016 - 31-12-2016

Geografisk nedslagsfelt: Heile Hordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 150 000

Totale utgifter: 1 830 000

Sjanger og form: kulturarv / filmproduksjon - utvikling

Om prosjektet – i følge søkar:

Filmen "Fuglane i mytologien" er fortellinga om relasjonen mellom menneske og fuglar fortald gjennom menneske som på ulikt vis lever tett på naturen og fuglane, og som bruker fuglane sine teikn i kvardagen. Kunnskapen og mytane rundt fuglane har vorte overlevert gjennom generasjonar og for våre karakterar er teikna frå fuglane eit reiskap i kvardagen som hjelper dei med å maksimere avlinga, leite etter fiskeestimane, jakte på ville dyr eller tyde vêret. Med aukande grad av urbanisering og folkeopplysning forsvinn gjerne mykje av folketrua ut av det daglege livet. Vi er no truleg den siste generasjonen som enno kan formidla deler av denne kulturarven.

Nrk "Ut I naturen" vil vise 6 korte filmar i ein magasinserie nov. 2016 . Ein lengre dokumentar vil synast på NRK I 2017.

ØKONOMI:

Utgifter:

Utvikling 456 947

Opptak/produksjon 768 752

Redigering/etterarbeid 604 301

Totale utgifter 1 830 000

Inntekter:

Nrk, visningsrett 300 000

Vestnorsk Filmsenter utvikling 200 000

Vestnorsk Filmsenter produksjon 300 000

Norsk filminstitutt 400 000

Norsk kulturråd 150 000

Miljødirektoratet 200 000

HFK 150 000

Egenkreditt FIM Film 130 000

Totale inntekter 1 830 000

Kommentar til budsjettet: Tilskot fra VNFS utvikling er innvilga . Nrk sin sum på visning vert fastlagt i april

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå å prioritere å støtte dette prosjektet. I hovudsak støtter HFK filmproduksjon gjennom Vestnorsk filmsenter.

10. FJELL KOMMUNE: Lighthouse - future dome

Tidspunkt: 01-11-2016 - 16-09-2017

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, heile Hordaland, Midthordaland, Sunnhordland og Bergen

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:

Totale utgifter: 200 000

Sjanger / form: kunst / produksjon - utvikling

Om prosjektet – i følge søker:

LIGHTHOUSE - ei kunstinstallasjon

Lyssetting av Avinor sine radarkuplar ved Liatårnet på Sotra. Lighthouse vil stråla av symbolikk som er spanande, framtidsretta og samlande. Lyssettinga er eit internasjonalt prosjekt med anerkjende kunstnarar/unge kunstnarar i samarbeid med International Youth Meeting. Det underleggjande tema er MOT og solidaritet. Kunstinstallasjonen skal vera eit viktig element under opninga/drift av nye Flesland og Bergen 2017. Alle i regionen, og alle som flyr, vil sjå lysspelet i åra som kjem. Det er nett signert ein intensjonsavtale om kommunesamanslåing i region vest. Her vil Lighthouse stå fram som eit samlande identitetsprosjekt. Det nye kommunevåpenet vert truleg ei fyrlykt - Lighthouse.

ØKONOMI:

Utgifter:

Utvikling av lyssetting 120 000

Utvikling av nettverksapplikasjon og kunstapp . 80 000

Totale utgifter 200 000

Inntekter:

Tilskot HFK 200 000

Totale inntekter 200 000

Eigen kommentar til budsjettet: Det er i budsjettet her søkt om spesifikke delar av prosjektet. Resten av beløpet vil bli dekkja inn gjennom sponsorar, og blir ikkje søkt om her. Det kan vere budsjettpostar som kunstnarhonorar, nettverksarbeid m.m.

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette kan verte eit spanande prosjekt, men i og med at dette skal vere eit kunstnarleg prosjekt saknar fylkesrådmannen eit meir gjennomarbeidd kunstnarleg konsept framlagt. Budsjetteringa er også noko uferdig. Fylkesrådmannen kjem gjerne tilbake til prosjektet.

11. Frøydis Flotve: Les og le

Tidspunkt: 13-06-2016 - 12-06-2017

Geografisk nedslagsfelt: Heile landet, heile Hordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 150 000

Totale utgifter: 350 000

Sjanger / form: kunst / produksjon - utvikling

Om prosjektet – i følge søker:

LES OG LE – formidling av sakprosa He-he! Ei bok om den livsviktige latteren (Samlaget 2016) Erna Osland, illustrert av Per Ragnar Møkleby. Prosjektet er ei førestilling med undervisningsopplegg og eit skrivekurs, for den som ønskjer det.

Førestillinga har ein klovn som hovudperson. Klovnefiguren gestaltar den livsviktige latteren, han representerer både sorg og redsle med latteren han utløyser. Han både er og kan syne latteren med alt det den inneber.

Ved å underleggjere og skape interesse for det kjende og samtidig sterkt samansette fenomenet latter, kan førestillinga føre til vidare lesing og undersøkingar. Latter er ein døropnar i alle samanhengar. Prosjektet kan nå ut til ulike målgrupper på tvers av språk og alder.

Prosjektet skal etter planen starte i byrjinga av juni med eit Seanse-opphald i Volda som vi har søkt om. Første pilot-framsyning skal gjennomførast under dei Nynorske festspela 24.juni.

ØKONOMI**Utgifter:**

utarbeiding av undervisningsopplegg 70 000
 utvikling av klovnen si formidling 60 000
 utvikling av skrivekurs 60 000
 produsentarbeid 100 000
 kursing av formidlarar 40 000
 gjennomføring av prøveframsyningar ulike målgrupper 20 000
 Totale utgifter 350 000

Inntekter:

Støtte frå HFK 150 000
 Støtte frå Forfattersentrum Vest 150 000
 Eigeninnsats 50 000
 Totale inntekter 350 000

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Tiltaket er spanande og positivt, men det er ein stor søknadssum. Prosjektet bør utviklast med mellom anna breiare finansiering før ein kan ta stilling til eventuell fylkeskommunal støtte.

12. GOOD VIBES ENTERTAINMENT NORWAY DA: Trollala og Marihøneprinsessen

Tidspunkt: 03-09-2016 - 17-12-2016

Geografisk nedslagsfelt: H e i l e H o r d a l a n d, B e r g e n

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:

Totale utgifter:

Sjanger / form: forestilling

Om prosjektet – i følge søkar:

Trollala, den underlige vidunderlige, er et musikalsk eventyr som ble introdusert for publikum på Fløien, våren 2015. Den 31.05.2015, ble albumet til Trollala, Del 1, lansert på Fløifjellet i Bergen. Platen ble kåret til ukens album på Spotify. Alle barna fikk møte Trollala for første gang, noe som ble en kjempe suksess. Trolløypen ble åpnet av Trollala den 08.07 og det var stort engasjement og aktivitet rundt Trollala og hinderløypen. Det musikalske eventyret skal nå settes opp, blant annet på Fyllingsdalen Teater høsten 2016. 10 godt gjennomførte forestillinger hvor barna er nesten like involvert som skuespillerne. Dette blir noe helt nytt og en stor opplevelse for både store og små.

ØKONOMI**Utgifter:**

Honorar utøvere 75 000
 Leie av lokale 80 000
 Inventar og utstyr 55 000
 Markedsføring og annonsering 40 000
 Totale utgifter 250 000

Inntekter:

Bill.inntekter 165 000
 Totale inntekter 165 000

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Det vert vist til kommentar tidlegare i saksframlegget om kunstnarlege produksjonar.

13. HARDANGERRÅDET IKS: Kunstmuseum i Hardanger

Tidspunkt: 02-05-2016 - 02-03-2017

Geografisk nedslagsfelt: Heile landet, Heile Hordaland, Hardanger og Voss

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 200 000

Totale utgifter 600 000

Sjanger: kunst / kulturminne

Om prosjektet – i følge søker:

Det er blitt satt opp en midlertidig arbeidsgruppe for etablering av et kunstmuseum i Hardanger. Det finnes ikke noe kunstmuseum i Hardanger, hverken for eldre kunst eller samtidskunst. Gruppen ønsker å legge museet i Odda fordi byen er et naturlig sentrum for regionen, den er en tett by med liv i gatene og museet bør være lett tilgjengelig. Odda har også mange store, flotte bygninger som kan tas i bruk.

Arbeidsgruppen har lagt ned mye arbeid i å utrede prosjektet. Oppgavene som må utføres nå er imidlertid for omfattende til at de kan gjøres på frivillig basis. Vi søker derfor om midler til å ansette en person i et ett års deltids engasjement, for å utrede de forskjellige aspektene som er nødvendige for å realisere museet.

ØKONOMI

Utgifter:

Reiseutg. og materialer 100 000

Konsulenter 100 000

Lønn 400 000

Totale utgifter 600 000

Inntekter:

Hardangerrådet 200 000

Kommunale bidrag 100 000

Kulturrådet 100 000

HFK 200 000

Totale inntekter 600 000

Eigne kommentarar til budsjettet: Ingen av midlene er innvilget ennå.

Fylkesrådmannen si innstilling: avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Hordaland fylkeskommune har ein aktiv og målretta museumspolitik. Denne kjem til uttrykk i Regional plan for museum 2011-2015 – Musea i samfunnet som no er ein del av Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025. Den regionale museumspolitikken er særleg retta inn mot dei ti konsoliderte musea. Av desse er det fleire som har kunst som sitt temaområde: KODE – Kunstmuseene i Bergen, Kabuso, avd. under Hardanger og Voss museum og Baroniet Rosendal. Hardanger er ein region med eit kunstmuseum – Kabuso, som også er Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad. Det er såleis ikkje aktuelt for fylkeskommunen å gå inn med tilskot til eit prosjekt på eit så tidleg tidspunkt utan meir konkret om tilhøvet til kunstmusea elles i Hordaland.

14. HARDING PULS: Bokprosjekt - Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! I

Tidspunkt: 20-05-2016 - 01-12-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, Heile landet, Hardanger og Voss

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 150 000

Totale utgifter: 560 000

Sjanger / form: kunst /produksjon - utvikling

Om prosjektet – i følge søker:

2014 - 2016 gjennomfører Harding Puls kunstprosjektet Mellom Himmel og Fjord. Sjå! temporær kunst i landskapet. Til saman vert det skapt 58 – 60 kunstverk i denne perioden. Dei flotte kunstverka fortener å vera synleg i ettertid. Me planlegge difor eit bokprosjekt.

Bokprosjektet skal:

- bidra til at kunstverka og deira impulsar til sine omgjevnadar lever vidare.
- setje søkelys på korleis og kunst- og naturoppleving kan kombinerast.
- vise både kunsten og det storslagne landskapet i Hardanger
- seie noko om møte og dialog mellom publikum og kunst ute i landskapet.
- synleggjera og vera ein del av kunstytringane kring i landet vårt.

Me har intensjonsavtale for kjøp av produksjonsteneste hjå forlaget SKALD.

ØKONOMI

Utgifter:

Fageleg artiklar 20 000
 Reise, kost og logi kunsthistorikar og skribent 15 000
 Engelsk omsetjing 25 000
 Språkvask 25 000
 Fotoutveljing og red. 90 000
 Design 90 000
 Kjøp av teneste hjå SKALD 65 000
 trykking 140 000
 Marknadsføring 50 000
 Rekneskap, revisjon og div 40 000
 Totale utgifter 560 000

Inntekter:

Harding Puls eigendel 10 000
 Sparebankstiftinga Hardanger 100 000
 HFK 150 000
 Norsk Kulturråd
 Hardanger Kulturråd 20 000
 Kvam Kraftverk, Hardanger Energi , kommunane 100 000
 Sparebanken Vest 40 000
 Totale inntekter 560 000

Fylkesrådmannen si innstilling: 50 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Hardingpuls fekk støtte frå KUP til landskapskunstprosjektet Mellom Himmel og Fjord. SJÅ! I, og fylkesrådmannen ser det som positivt at dei no ønskjer å dokumentere prosjektet med ei kunstbok. Prosjektet er eit viktig prosjekt for samtidskunst i Hardangerregionen og det er godt lagt til rett for at det generelle publikum kan oppleve kunsten. Boka vil få god kvalitet og fungere som kunstbok i seg sjølv. Det er også sendt søknad om støtte til prosjektet i ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*, men fylkesrådmannen finn dette tiltaket av ein såpass tydeleg regional karakter at den vert tilrådd i *Større kulturprosjekt med regional verdi*, og avslått i den andre omsøkte ordninga.

15. KNARVIKMILA AKS: KnarvikKonferansen

Tidspunkt: konferansen arrangerast 31.8.2016 .Knarvik Mila "veka " er 24 .8 - 4. 9

Geografisk nedslagsfelt: Heile landet

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 300 000

Totale utgifter: 800 000

Sjanger / form: idrett / anna / konferanse

Om prosjektet – i følge søkar:

KnarvikMila er ein frivillig organisasjon med samfunnsansvar. KnarvikMila inneheld mange ulike arrangement med vekt på Folkehelse. Eit av delarrangementa er KnarvikKonferansen. Konferansen har vore arrangert i over 20 år og har hatt mange gode tema og føredragshaldarar.

I 2016 skal vi arrangera KnarvikKonferansen med følgjande hovudtema: «Idretten sin verdi sett i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv». Målsetjinga med konferansen i 2016 er å visa idretten sin verdi for samfunnet. I dagens utfordringar er det særskild viktig å visa kva idretten kan gjera i integreringsarbeidet, spesielt for barn og unge. Målgruppa er næringslivet, politisk miljø, offentleg tilsette i kommune og stat, og representantar frå lag og organisasjonar.

Økonomi:

Inntekter kr 276 000,-

Utgifter kr 800 000,-

Fylkesrådmannen si innstilling: Avslag

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Konferansen har eksistert i mange år. Søknaden har difor preg av drift. Fylkesrådmannen vurderar konferansen som først og fremst eit lokalpolitisk ansvar. Det er mellom anna ikkje samarbeid med dei regionale idrettsorgana. Det søkjast dessutan om ein svært høg sum.

16. KODE - Kunstmuseene i Bergen Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurransen

Tidspunkt: 02-09-2016 - 10-09-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt, Heile Hordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune:

Totale utgifter: 200 000*

Sjanger / form: musikk / konsert / turné

Om prosjektet – i følge søkar:

Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurransen arrangeres av Troidhaugen/KODE med betydelig støtte fra Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen, og er en stor internasjonal klavermønstring med pianister på internasjonalt toppnivå. I 2016 arrangeres konkurransen for tredje gang i Bergen, og HFK har både i 2012 og 2014 støttet en konsertturné i fylket for deltakere som ikke går videre fra første runde. Prosjektet gir en synlig regional forankring av et stort musikkarrangement i Bergen, konsertmuligheter for deltakerne, og førsteklasses klaverkonserter i regionen.

Konsertturneen i distriktet, som det her søkes om midler til, arrangeres etter konkurransens første runde. Arrangørstedene i 2016 er Kabuso i Øystese, Valestrand kirke i Sveio, Erdal kirke på Askøy og Musikkens venner/"Knarren" i Lindås.

ØKONOMI**Utgifter:**

Honorar pianister 16 pianister à 500 euro) 76 000

Konsertverter / reisefølge (4 stk x 2000 kr) 8 000

Forberedelser / produksjon 20 000

Administrasjonskostnader 16 000

Transport (4000 x 4 steder) 16 000

Forpleining (20 pers x 700 kr) 14 000

Lokale konkurranseambassadører (4 x 12 500) 50 000

Totale utgifter 200 000

Inntekter

Egenfinansiering (se kommentar i budsjett) 20 000

Totale inntekter 20 000

Kommentar til budsjettet: Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse er fullfinansiert gjennom private midler, med raus støtte fra Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen på kr 3.8 mill. kr. I tillegg bidrar Harmonien vesentlig til arrangementet gjennom finale konserten med fullt orkester i Grieghallen. Bergen kommune gir en mottakelse for alle deltakere, jury, vertsfamilier og partnere, og Utenriksdepartementet ga i 2014 støtte til arbeid med internasjonal presse. Vi søker UD om tilsvarende midler i år.

Konsertturneen faller ikke inn under dette prosjektet som støttes av Jebsen-stiftelsen, men trekker selvsagt på de same ressursar mht organisasjon, markedsføring og kommunikasjonsarbeid. Vi har ikke mottatt eller søkt andre instanser om støtte til turneen, men håper Hordaland fylkeskommune også i år ser verdien av å gi et stort internasjonalt musikkarrangement i Bergen, en regionalforankring.

Fylkesrådmannen si innstilling: 125 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Det har vore svært positivt å få Edvard Grieg Internasjonale pianokonkurranse til Troidhaugen og Hordaland. Den har vorte svært anerkjend, og den er i hovudsak finansiert av private midlar. Det har også tidlegare år vore gitt støtte frå HFK til denne turnéen, som har vore vellukka og gir dei unge musikarane eit større publikum og publikum i distrikta høve til å høyre pianomusikk på svært høgt nivå. Som søkjar skriv er det ikkje mogleg å bruke dei private midlane til denne turneen, og fylkesrådmannen ser det som riktig at HFK støttar turnédelen av denne pianokonkurransen. KODE bør vurdere om ein vil legge dette tiltaket inn i søknad om driftsstøtte vidare år.

17. Lillian Santos Herberg: Vill Vill Vest

Tidspunkt: 15-09-2016 - 17-09-2016

Geografisk nedslagsfelt: Internasjonalt. Heile landet, Heile Hordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 70 000

Totale utgifter: 1 035 000

Sjanger / form: musikk / festival

Om prosjektet – i følgje søkar:

Målet til foreningen Vill Vill Vest er å etablere en nasjonal musikk- og bransjefestival på Vestlandet. Festivalen er inkluderende og skal presentere nye, spennende talenter på de ulike scenene og involvere store deler av den lokale musikkbransjen i avviklingen, samt være en møtearena for bransjen. Det er ingen slik festival i Bergen eller på Vestlandet per i dag og det har lenge vært et ønske fra flere aktører å etablere en slik arena.

Vill Vill Vest vil reflektere verdiene til hele musikkmiljøet på Vestlandet, og har ambisjoner om å styrke infrastrukturen i musikkbransjen, gjennom sentrale samarbeidspartnere som Brak og Vestnorsk Jazzsenter.

Bergen er den eneste store musikkbyen i landet uten en egen bransjefestival. Vill Vill Vest vil være en synlig og viktig aktør som skal bygge opp under Bergen og Hordalands visjon om å markere seg som en viktig kulturby i Europa. Tidsmessig er september en meget gunstig plassering for denne typen festival som da ligger i forkant av andre europeiske og norske showcasefestivaler, dette er sett i forhold til at mye av bookingen for vår og sommer halvåret ferdigstilles på høsten året før.

ØKONOMI

Utgifter:

Artisthonorarer 200 000

Reise 65 000

Catering 55 000

Honorar admin og prod. ansvarlige 250 000

Prosjektarbeid 90 000

Kompensasjon spillesteder + utstyrsleie 120 000

Ekstrateknikere 15 000
 Lokaltransport 20 000
 Tono 20 000
 Annet (uventede kostnader) 80 000
 Plakater 15 000
 Banner 40 000
 Design 15 000
 Avisannonsering 40 000
 Facebookannonser 10 000
 Totale utgifter 1 035 000

Inntekter

Billettinntekter 400 dagspass à kr. 250 100 000
 Billettinntekter 400 2-dagerspass à kr. 400 160 000
 Billettinntekter 150 bransjepass à kl.1000 minus kursdelen 100 000
 Budsjettert støtte fra Bergen kommune 85 000
 Budsjettert støtte Kulturrådet 85 000

Fylkesrådmannen si innstilling: 30 000

Fylkesrådmannen si grunngjeving: Dette er eit spanande samarbeidsinitiativ, som involverer også etablerte partnarar innan musikklivet og –bransjen. Dette har verdi både for publikum, artistane i fylket og musikkbransjen.

18. Norges Musikkorps Forbund Hordaland: HøstPULSE

Tidspunkt: 10-10-2016 - 16-10-2016

Geografisk nedslagsfelt: Heile Hordaland

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune: 200 000

Totale utgifter: 345 000

Sjanger: Musikk

Om prosjektet – i følgje søkar:

NMF Hordaland vil med dette søke om økonomisk støtte på kr 200 000,- til prosjektet HøstPULSE. Prosjektet er et høstferietilbud med musikk i fokus for barn og unge i Hordaland i alderen 7-18 år. Målgruppen er skolekorpsmusikanter fra hele fylket og barn som bor på asylmottak. Prosjektet blir en unik arena for inkludering som er et viktig fokusområde for NMF som organisasjon. Vi ønsker at tilbudet skal være gratis for deltakerne, slik at økonomi ikke legger begrensning for deltakelse. Gjennom samarbeid mellom sørafrikanske musikere i prosjektet PULSE (i regi av Fredskorpset og NMF), og musikanter i Hordaland Ungdomskorps, vil prosjektuken by på sørafrikansk musikk, dans, sang, koreografi og showdesign.

ØKONOMI

Utgifter:

Leie av lokaler 30 000
 Honorar 45 000
 Mat 50 000
 Administrasjon 20 000
 Vareinnkjøp 20 000
 Transport 50 000
 Teknisk arrangør 40 000
 Markedsføring 50 000
 Revisjon 15 000
 Overnatting for ledere 25 000
